

## Saksprotokoll i fylkestinget - 09.12.2015

Pål Kårbø (KrF) sette på vegner av KrF, Sp, SV og A fram slikt forslag (a):

### "Budsjett for Hordaland fylkeskommune 2016"

Fylkestinget vedtek fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett med slike endringar:

Klimautfordringa er global, men mange av løysingane finst her lokalt. Vi har eit sjølvstendig ansvar for at Hordaland blir meir miljøvennlig. Ap, KrF, Sp og SV vil difor innan kollektivfeltet sikra eit meir tenleg tilbod slik at fleire vel å reisa kollektivt og let bilen stå. Vi stoppar veksten i prisane ut over prisveksten i samfunnet, sikrar einingstakst for dei reisande frå Arna til Bergen sentrum og set av midlar til endå fleire buss- og baneavgangar i Bergen. Vidare startar vi arbeidet med ein overordna strategi for kollektivtrafikk på sjøen, og vi slår fast at rutene må tilpassast ei ny kvardag etter kvart som nye vegar opnar.

Vi vil ta i bruk fylkeskommunen som ein positiv samarbeidsarena for kommunane, for nabofylka våre og for næringslivet. Vi vil leggja ned dagens fylkeskommune og erstatta den med regionar, med vestlandsfylka som pilotregion. Vi treng sterke kommunar som spelar på lag med næringslivet og utdanningsinstitusjonane på heile Vestlandet.

Idrett og kultur er limet i samfunnet vårt, uavhengig av kvar du bur i fylket vårt. Ap, KrF, Sp og SV har alltid framheva dugnadsarbeid i lag og organisasjonar som ein avgjerande bærebjelke i samfunnet vårt. Ulike arenaer for aktivitet er like viktig både sentralt og lokalt.

Fråfall i den vidaregåande skulen er ei omfattande samfunnsutfordring. Ap, KrF, Sp og SV vil vidareutvikla den vidaregåande skulen med utgangspunkt i nærliek, kvalitet i undervisninga og bærekraft. Skuletilboden til ungdommen skal byggja på forutsigbarheit. Likeeins er det viktig å ha omsorg for elevane sine rettigheter og trøng for helsetenester. Ap, KrF, Sp og SV vil innføra eit tilbod om skulepsykologar og setja av midlar til elev- og lærlingombod.

### Miljø og samferdsel

Partia vil syta for at heile Hordaland skal vera eit attraktivt fylke med framtidsretta transportløysingar både for folk og næringsliv. Vi skal ha eit kollektivtilbod som er eit reelt alternativ til bilen og eit vegnett som legg til rette for auka verdiskaping.

Kollektivreiser må vera ein viktig berebjelke i transportløysingane i heile Hordaland. Folk må kunna reisa kollektivt til og frå jobb, barnehage og skule. I tettbygde område og spesielt Bergen må vi betra luftkvalitet og redusera køar med å få mange fleire til å reisa kollektivt. Då må vi ha eit kollektivtilbod som er brukarvennleg, bra på kvalitet og rimelig i pris.

### Einingstakst NSB Arna-Bergen sentrum

For å sikra at folk som reiser mellom Arna og Bergen sentrum får like rimeleg kollektivtrafikk som bergensarar for øvrig, dekkjer vi inn heile kostnaden med einingstakst på tog mellom Arna og Bergen sentrum. Etter gjennomgang i 2014 var dette tiltaket kostnadsrekna til 6 millionar. Etter ny gjennomgang er tiltaket kostnadsrekna til 10 millionar. Fylkesrådmannen skal ta opp att samtalane med NSB for å prøve å koma til einighet om ei fordeling av kostnadene knytt til einingstaksten.

### Samordning

Det er ei målsetjing å få mest mogeleg aktivitet/tenesteyting ut av kvar fylkeskommunal krone. Dette krev kontinuerleg evne til endring. Samferdselsfeltet i HFK er i dag fragmentert, og delt opp i mange ulike einingar, som krev mykje koordinering på tvers. Det er hensiktsmessig med ein grundig gjennomgang av heile samferdselsfeltet administrativt, og ber fylkesrådmannen leggja fram ei utgreiing som drøftar ulike måtar å organisera feltet på. Målsetjinga må vera å få meir effektiv ressursutnytting, og dermed meir ressursar til tenesteytinga.

## Ferjer

Snittalderen på ferjene i Hordaland er over 25 år, og fleire nærmar seg 40 år. Det er heller ikkje alle som stettar krava om universell utforming. Det er naudsynt å stilla tydelegare miljøkrav for å få til ei fornying/modernisering av flåten i neste anbodsperiode. Ein bør mellom anna legge opp til at det kan nyttast hybride løysingar der til dømes batteri og hydrogengass vert ein del av teknologien for å få ned utsleppa.

Ved anbodsinnhenting skal det stillast krav om at også fylkesvegferjesamband skal ha lærlingepllassar.

## Fyllestasjon for hydrogen og hydrogenbilar

Hydrogen er ein energiberar som kan produserast frå fornybar energi og nyttast til drivstoff eller som innsatsfaktor i industrien utan utslepp. Utvikling av ei næringskjede for hydrogen i fylket vil vere ein mogleg strategi for å redusera utslepp innan transport. Fylkestinget løyver 4 millionar til etablering av ein fyllestasjon for hydrogen på Danmarks plass. Av dei to millionane som er sett av til innkjøp av el-bilar til fylkeskommunen skal det kjøpast inn to hydrogenbilar.

## Omdisponering innanfor Bergensprogrammet

Fylkeskommunen skal gå i dialog med Bergen kommune og Statens Vegvesen og sjå på moglegheitene for omprioriteringar i Bergensprogrammet frå investering til styrking av kollektivtrafikken. Omdisponeringane skal sjåast i eit kort perspektiv, dei skal øyremerkast kollektivtrafikk i Bergensområdet og skal virka fram til neste byggetrinn av Bybanen er i gang.

## Busslinje Varden

Fylkestinget ber Skyss gå i dialog med innbyggjarane på Varden som har engasjert seg for å få tilbake busslinja, for å finna ei minneleg løysing på dei utfordringane som har oppstått ved omlegging av rutestrukturen.

## Kollektivtrafikk på sjø

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å laga forslag til ein ny overordna strategi for kollektivtrafikk på sjøen. Fylkestinget ber fylkesrådmannen få vurdert ekstra kapasitet på snøggbåtruta mellom Bergen og Askøy.

## Snøggbåttilbodet til Ølen

Fylkestinget bed om at nedlegging av snøggbåttilbodet til Ølen vert utsett til 1. mars slik at avklaring av rammer for mogeleg vidare drift vert klare, i samråd med Rogaland fylkeskommune. Fylkestinget ber om sak til fylkesutvalet om eventuell vidareføring av tilboden.

## Konsekvensar av endra infrastruktur

Ved endring av infrastruktur, som opning av nye vegar som gir kortare køyretid, må Skyss endra rutene fortløpende for å gje dei reisande ein mest mogleg effektiv rutestruktur.

## Kollektivknutepunkt

Det er viktig å tilretteleggja for effektive kollektivknutepunkt. Med nye samferdselløysingar er Jondal eit slikt knutepunkt. Fylkestinget føreset at det vert avsett naudsynte midlar til å ferdigstilla arealet på kaien med servicebygg.

## Bisyklar

Fylkestinget ber fylkesrådmannen gå i dialog med Bergen kommune med sikte på å etablere eit samarbeid om etablering av bisyklar i Bergen. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei sak der ulike modellar for eit slikt samarbeid vert drøfta.

## Masfjordbrua

Fylkestinget er positivt til eit forsøk med en konseptutlysing for Masfjordbrua, dvs. ei anbodsutlysing basert på ei rein funksjonsbeskriving. Prosjektet vil kunne verta realisert dersom fylkeskommunal eigenandel ikkje vert for mykje utover ferjeavløysing og momskompensasjon i samband med prosjektet. Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggja fram ei sak som drøftar dette snarast (1. kv. 2016).

### **Klimaplan**

Klimaplanarbeidet vert styrkt med 2 millionar.

### **Midlar til punkutbetring/Trygge skulevegar**

Fylkestinget set av 31,3 millionar til punkutbetringar på fylkesvegnettet.

Fylkesrådmannen skal til fylkestingsmøtet i mars fremje ei sak med aktuelle vegstrekningar prioritert regionvis, med muligkeit for rask realisering. Trafikksikring av skulevegar skal ha høg prioritet.

### **Opplæring og helse**

Den vidaregåande skulen er, i tillegg til å gi ungdom avgjerande grunnkompetanse før studiar og arbeidsliv ventar, det viktigaste verktøyet vi har for å utjamna sosiale forskjellar i samfunnet. Ved å gje alle elevar lik rett og lik mogelegheit til å få seg ei utdanning, skapar vi eit samfunn der sosioøkonomisk status ikkje er avgjerande for folk si mogelegheit til å skapa seg det livet dei sjølv ynskjer. I Hordaland har vi ein gjennomføringsgrad i den vidaregåande skulen på rundt 70 %. Fylkeskommunen har eit mål om å auka denne til 80 %, og dette skal også reflekterast i årsbudsjettet.

I Hordaland har vi dyktige lærarar og skuleleiarar som kvar einaste dag gjer ein stor innsats for å gje elevane våre den utdanninga dei har krav på. Dei strukturelle utfordringane vi har, reduserer skulane sin mogelegheit til å gje eit best mogeleg tilbod til elevane. Karakterstyrt inntak og stykkprisfinansiering hemmar kvaliteten i utdanningstilbodet vårt.

### **Ny budsjettmodell og bærekraftig finansiering**

Fylkestinget vedtek at fylkesrådmannen skal fremja ei sak der ulike budsjettmodellar for skulane vert drøfta. Vi ber fylkesrådmannen fremja forslag som viser ein meir tenleg finansieringsmodell som ikkje byggjer på stykkprisfinansiering, men som har til føremål å sikre fornuftig og bærekraftig finansiering av skulane. Det er ein føresetnad at skulane sjølv får koma med innspel.

### **Eit betre inntakssystem i Hordaland**

Fylkestinget ber rådmannen gjennomgå gjeldande inntakssystem og vurdera alternativ til det reine karakterstyrt inntaket vi har i dag. Saka skal syna korleis gjeldande inntakssystem påverkar fråfall og motivasjon, reise- og søkemønster, samansettinga av elevar ved dei enkelte skulane og i kva grad eit nytt inntakssystem i kombinasjon med ny budsjettmodell kan bidra til ein meir berekraftig skulestruktur i Hordaland.

Fylkestinget ønskjer å skapa eit større mangfold i elevmassen ved dei enkelte skulane. I tillegg skal ein sikra alle elevane ein skuleplass innan ønskt studieretning, i nærleiken av heimstaden. Fylkestinget ber også fylkesrådmannen vurdera korleis ein kan bruka inntakssystemet til å motverka store variasjonar i status for skulane.

Det er ei målsetting at endå fleire enn i dag får oppfylt sitt førsteval av skule.

Saka skal handsamast hausten 2016, og evt. nytt inntakssystem skal gjelda frå skuleåret 2017/2018. Prinsippet om nærskule skal også utgreiaast

### **Elev- og lærlingombod**

Elevar i den vidaregåande skulen er ei av gruppene i samfunnet vårt med dårlegast rettssikkerheit. Elevane har ei rekke rettigheter og plikter, men har ikkje eit uavhengig organ som sikrar at desse vert oppfylte. Difor skal det, i tillegg til eit mobbeombod, tilsetjast eit uavhengig elev- og lærlingombod. I samanheng med tilsetjinga av eit slikt uavhengig ombod skal elevinspektørane si rolle på skulane reviderast slik at det vert ei fornuftig deling mellom ombodet og elevinspektørane sitt ansvarsområde.

### **Psykisk helse**

20 % av born mellom 3 og 18 år har nedsett funksjonsevne på grunn av psykiske lidingar. Halvparten av desse har så alvorlege symptom at det tilfredsstiller krava til ein psykiatrisk diagnose. Meir enn ein av tre sekstenåringar har hatt så mange symptom at dei oppfyller krava til ein psykiatrisk diagnose og 15 til 20 % av alle norske ungdommar har symptom på depresjon. Skulehelsetenesta er eit kommunalt ansvar, men vi budsjetterer med fylkeskommunale midlar for å tilsetja skulepsykologar i dei vidaregåande skulane i Hordaland. Fylkesrådmannen skal så snart som mogleg fremja ei sak for fylkestinget der det vert skissert korleis fylkeskommunen kan samarbeida med kommunane for å få tilsett psykologar ute på skulane.

### **Alternative vegar til fagbrev**

Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomgå dei ulike løpa innan fagopplæringa for å koma tilbake til fylkestinget med ei sak om korleis vi kan gjere dei løpa med høgast gjennomføringsprosent meir kjent blant søkerane.

### **Tiltak for auka gjennomføring på yrkesfag**

I Hordaland er det berre om lag ein tredjedel av elevene som byrjar på yrkesfag som fullfører med fagbrev. Nokon av desse fullfører med studiekompetanse, men ein stor del fell frå utan fagbrev og utan studiekompetanse. Fylkestinget set av 4,5 millionar i ein søkbar pott til skular med låg gjennomføringsgrad på yrkesfag. Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggja frem ein heilheitleg sak som synleggjer naudsynte tiltak og kriterium for tildeling av midlar.

### **Kultur, idrett og regional utvikling**

Kultur og idrett er eit område der små økonomiske midlar gjev store resultat. Det blir utført imponerande mange årsverk i frivillig arbeid over heile Hordaland på dette feltet, noko som gjer oss til eit særdeles aktivt kultur- og idrettsfylke. Fylkestinget vil prioritera auke i tilskot til aktivitetsbaserte tiltak slik at den frivillige innsatsen blir ytterlegare stimulert.

### **Campus Bergen**

Fleirtalspartia ønskjer å etablera eit «campus Bergen» etter modell frå Sogndal for å få eit kompetansesenter der ein samlar idretten, høgskulen, næringsliv, olympiatoppen, Universitet i Bergen og den vidaregåande skulen. Fylkesrådmannen skal setja i gong planlegging og kome tilbake til fylkestinget med ei sak om korleis dette kan organiserast.

### **Liv og lyst**

Fylkestinget legg inn att midlar til lokalsamfunnsutviklingstiltaket "Liv og lyst", og ber fylkesrådmannen gå i dialog med Innovasjon Norge og Fylkesmannen for å gjenoppta samarbeidet om dette.

### **Generelt**

### **Arealøkonomisering**

Fylkestinget ber fylkesrådmannen setja i gang eit arbeid med arealøkonomisering av fylkesbygget og disponerte bygg i nærlieken. Gjennomgangen skal syna dagens husleigekostnad pr. avdeling og faktisk framtidig arealbehov for det enkelte tenesteområdet i fylkeskommunen.

### **Hotell**

Fylkestinget vedtek at Hordaland fylkeskommune berre skal bruke hotell der dei tilsette har tariffavtale.

### **Innsparing regional**

Fylkestinget ønsker ein gjennomgang og prioritering av oppgåvane innan regionalavdelinga, med mål om å spara inn 6 millionar kr i driftsutgifter. Fylkestinget ber rådmannen saman med regionalavdelinga vurdera aktuelle tiltak.

### **Seriøsitetskrav i bygg- og anleggskontraktar**

For å motverka utfordingane med arbeidslivskriminalitet i bygg- og anleggsnæringa vil fylkestinget innføra seriøsitetskrav ved eigne bygg- og anleggskontraktar.

Ber rådmannen leggja fram sak korleis dette kan følgjast opp.

### **Endringar til rådmannen sitt budsjettframlegg for 2016:**

<b>INNTEKTER DRIFT</b>	<b>MILL.</b>
Driftsfinansiert investering	10
Udisponerte midlar	19
Belønningsmidlar kollektiv	23
Auka billettinntekter som følgje av fleire kollektivreisande	8,07
Regionalavdeling. Nedtrekk	6
Midlar frå disposisjonsfond til drift	5,5
Arealøkonomisering	5
Omorganisering samferdsel	2
<b>TOTALE INNTEKTER DRIFT</b>	<b>78,57</b>
<b>INNTEKTER INVESTERING</b>	<b>MILL.</b>
Midlar frå disposisjonsfond til investering	28,5
Selje leilighet i Daniel Hansens gate 9 (eingangsmidlar)	3
<b>TOTALE INNTEKTER INVESTERING</b>	<b>31,5</b>
<b>UTGIFTER DRIFT</b>	<b>MILL.</b>
<b>Miljø og samferdsel</b>	
Prisvekst. 2,5 vekst og ikkje 4,5 prosent	20
Einheitstakst Bergen-Arna	10
Auka ruteproduksjon i Bergen	17
Fyllestasjon for hydrogen	4
Klimaplanen	2
Ferje Kinsarvik-Utne	1,7
Opplæring i trafikktryggleik i vgs	0,2
<b>Opplæring og helse</b>	
Reversere nedtrekk i læremidlar	5

Skulepsykologar. Forsøksprosjekt.	5
Tiltak for auka gjennomføring på yrkesfag	4,5
Ernæring i skulen. Frukost til elevar. Prioritere skular med fråfall.	1
Endringar skule-pc-ordning	1
Elev- og lærlingombod	0,65
Raftostiftelsen	0,2
FFO	0,15
Kirkens SOS	0,15
Actis	0,1
SAFO	0,05
Dysleksiforeningen i Bergen og omland	0,01

**Kultur, idrett og regional utvikling**

Lysetting smelteverkstomtA i Odda	1
Liv og lyst	0,8
Bokbåten Epos	0,7
Moster Amfi	0,5
Prosjektmidlar folkemusikk	0,4
Fargespill	0,35
Espeland Fangeleir	0,3
Cornerteateret	0,26
Edvard Grieg Kor	0,2
40 prosent stilling til dopingforebyggende tiltak	0,2
Kultur Vest	0,2
Kystpilgrimsleia	0,2
Kystsogevekene	0,2
Psykiatri, rus. Idrett	0,15
Litteraturhuset	0,1
Samhandlingsarena/konferanse Campus Bergen	0,1
Hardanger Musikkfest	0,1
Planmidlar kulturhus Nordhordland	0,1

<b>TOTALE UTGIFTER DRIFT</b>	<b>78,57</b>
------------------------------	--------------

<b>UTGIFTER INVESTERING</b>	<b>MILL.</b>
Punktutbetring/trygge skulevegar	31,3
Flygel Kabuso	0,2

<b>TOTALE UTGIFTER INVESTERING</b>	<b>31,5"</b>
------------------------------------	--------------

**Pål Kårbø** (KrF) sette på vegner av KrF, Sp, A og SV fram slikt forslag (b):

"Tillegg på retningsliner for bruk av partistøttemidalar. Tillegg kulepunkt:

.... eller fylkespartiet"

**Tom-Christer Nilsen (H)** sette fram slikt forslag:

**"Budsjett**

**MERINNTEKTER/MINDREUTGIFTER**

Veiavgift gass	25,0
Reklame, forsert innføring	6,0
Nattakst	0,6
Lokalbåt Osterfjorder	1,3
Belønningsmidler (i tråd med statsbudsj)	
Avgrensing elevutgifter til 200' pr elev	12,5
Takst tannhelse	1,5
Fylkesmusikere	3,0
Cornerteateret	0,2
Økt kollektivbruk	8,0
Redusert rente/avdrag	1,0
Udisponert sum i rådmannens forslag	19,0
<b>INNTEKT TOTALT</b>	<b>78,1</b>

**MINDREINNTEKTER/MERUTGIFTER**

Beholde elbilfordeler	1,0
Redusert takst kollektiv	20,0
Økt rutetilbud	15,0
Økt rutetilbud, belønningsmidler	
Skolebudsjettet utdanningsprogram økes i tråd med prisvekst	26,5
Skolehelsetjeneste	3,0
Sommerskole	0,5
Styrking av forfatterbesøk og kulturtilbud for barn og unge folkebibliotek	1,0
Ferge Austevoll	2,0
<b>UTGIFTER TOTALT</b>	<b>69,0</b>


**KAPITALBUDSJETT**

Overført fra driftsbudsjettet	9,1
Dekkelegging og mindre utbedringer	-9,1
Redusert investering Katten	15,0

Redusert gjeld	-21,0
Salg av eiendom	6,0
<b>UTGIFTER TOTALT</b>	<b>0,0</b>

**TIL KAPITALBUDSJETTET/GJELDSRED.**

Inntekt minus utgifter	9,1
------------------------	-----

**Inntekter:**

Veiavgift gass:

Denne innføres fra 2016. En kan unngå denne avgiften ved å bytte til 50% biogass. Fra høsten 2016 vil der være biogass fra anlegget i Rådalen (ferdigstilles mai 2016). Sammen med import av biogass fra Sverige jfr. Trondheim, kan andelen biogass komme opp i 50% og veiavgiften unngås

**Reklame**

Reklame for rullende materiell ligger i budsjettet med 0,75 mill. Inntektpotensialet er vurdert til 6-7 mill. Vi ønsker en forsiktig innføring som realiserer inntektpotensialet i 2016

**Nattakst**

Nattaksten økes tilsvarende andre takster

**Lokalbåt Osterfjorden**

Reduserte utgifter

**Avgrensing elevutgifter til 200"**

Setter makstildeling per elev til 200'

**Takst Tannhelse**

Betalingssatsene økes

**Fylkesmusikere**

Ordningen avvikles

**Cornerteateret**

Gir ikke tilskudd

#### Økt kollektivbruk

Økte billettinntekter som følge av redusert pris og økt tilbud

Inntekt fra belønningsordningen: Statsbudsjettet gir en økt pott på belønningsordningen  
Vi vet ikke i dag hvor mye som kan tilfalle Hordaland/Bergen men forutsetter at det søkes her  
og at tilgjengelige midler blir brukt til økt rutetilbud

#### **Utgifter**

Beholde elbilfordelene:

Ikke innføre betaling for elbiler.

Redusert takst kollektivt:

Ikke mer takstøkning enn prisstigning

Økt rutetilbud

Økt rutetilbud buss og bane

#### Økning skolebudsjettet

Elevtallet øker i den videregående skolen, og det forventes en stor gruppe asylsøkere i  
aldersgruppen som er aktuell for videregående opplæring. I tråd med praksis i Hordaland skal  
disse ha tilbud om videregående opplæring. Skolebudsjettet er derfor ikke realistisk. Her fordeles  
også nedtrekket på de skoler som har utgifter over 200' per elev.

#### Skolehelsetjeneste

Området er et kommunalt ansvar, men utfordringene er av en slik art at der må legges inn  
fylkeskommunale midler til tiltak innenfeltet

#### Sommerskole

Sommerskoletilbudet er et svært vellykket tilbud for økt gjennomføring. Vi ønsker å utvide  
ordningen for å redusere frafall

#### Styrking av kulturtildelning for barn og unge

I dag brukes mesteparten av midlene knyttet til bokbåt til drift av båt. Vi ønsker å prioritere  
kulturtildelningen med forfatterbesøk mm. Dette vil innebære at de midlene som i dag brukes til båtleie  
og drivstoff brukes til literaturaktiviteter.

#### Ferge Austevoll:

Oppfølging av tidligere vedtak i fylkesutvalget

#### Kapitalbudsjettet

#### Økt dekkelegging – oppgraderinger

Redusert investering Katten - tar ut klasseromsdelen på grunn av eksisterende kapasitet

Redusert gjeld - gjeldsutviklingen i fylkeskommunen er bekymringsfull, og vi ønsker å redusere  
den.

Salg av eiendom - Salg av leiligheter i bergen sentrum, Nygård og Nordnes.

#### **Verbforslag**

Det gjennomføres et forsøk med privat rådgivningstjeneste for å få et større, kvalitetssikret mangfold og bedre kvalitet i rådgivingen til elevene.

Kompromisset om statsbudsjettet inneholder også økt tapskompensasjon og mer midler til rassikring, økte midler til regional utvikling, økt lærlingetilskudd mm. Vi forutsetter at en kommer tilbake til dette i en budsjettjustering når den nøyaktige fordelingen av disse midlene er klar.."

**Terje Søviknes (FrP) sette fram slikt forslag:**

**"Budsjett 2016  
Økonomiplan 2006-19  
Hordaland fylkeskommune**

- *Kollektivsatsing, 200 fleire daglege avgangar* 20 mill.
- *Prosjekt «Redusert sniking»*
- *Reklamefinansiering kollektiv* 7 mill.
- *Økt fylkesvegvedlikehald –reasfaltering* 20 mill.
- *Investeringar fylkesveier, mindre prosjekt* 15 mill.
- *Enklare utbygging av gang- og sykkelvegar*
- *Tilskot til hydrogenfyllfestasjon* 15 mill.
- *Økt kapasitet snøggbåt Askøy-Bergen* 5 mill.
- *Buffer mot økte flyktningekostnader* 15 mill.
- *Nedlegging Hjeltnes Vidaregåande skule*
- *Sal av Manger folkehøgskule*
- *Utstyr Fagskulane* 15 mill.

## GENERELT

FrP legg med dette fram Budsjett 2016/Økonomiplan 2016-19. Framlegget byggjer på fylkesrådmannens budsjett dokument av oktober 2015.

FrP legg vekt på å ikke svekka netto driftsresultat i driftsbudsjettet. HFK har aukande gjeld, og må skaffa handlingsrom i driftsbudsjettet til framtidig auke i renter og avdrag.

## DRIFTSBUDSJETTET

FrPs framlegg til endringar i driftsbudsjettet går fram av tabellen under;

	2016	2017	2018	2019
Udisponerte midler	-19 000			
<b>Miljø og samferdsel</b>				
Inntekter reklame Bybane/Skyss	-7 000	-7 000	-7 000	-7 000
Økt ruteproduksjon	20 000	20 000	20 000	20 000
Økt refusjon veibruksavgift - naturgass	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
Prosjekt "Økt kontroll kollektiv"	5 000	5 000	5 000	5 000
Økte bill.intekter kontroll - reduksjon snik 30%	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
Økt fylkesveivedlikehold -reasfaltering	15 000	15 000	15 000	15 000
Økt kapasitet snøggbåt Askøy-Bergen	5 000	5 000	5 000	5 000
Fergesambandet Krokeide-Hufthamar	4 500	4 500		
Tilskudd hydrogenfyllfestasjon Danmarkspllass	5 000			
<b>Opplæring og helse</b>				
Nedlegging Hjeltnes vidaregåande skule	-5 000	-10 000	-10 000	-10 000
Salg av Manger folkehøgskule	-1 700	-3 400	-3 400	-3 400
Buffer økte flyktingekostnader	10 000			
"Pøbelprosjekt" mot fråfall i vgs.	500	500	500	
<b>Kultur, idrett og regional utvikling</b>				
Museum - løns- og priskompensasjon 2,7%	1 300	1 300	1 300	1 300
Fyllingsdalen teater	500	500	500	500
Oppstart Sunnhordland Maritime Indusrimuseum	500	500	500	500
Litlabø-gruvene	100	100	100	100
Stiftelsen Bryggen	100	100	100	100
Espeland Fangstelir	200	200	200	200
Tellevik kystfort	200	200	200	200
Nedtrekk Musikkfremål (fylkesmusikarordninga)	-1 400	-1 400	-1 400	-1 400
Tour de Fjords (totalt tilskudd kr 500 000)	340	340	340	340
Tilskudd FFO	150	150	150	150
<b>Sum (overskott)</b>	<b>-710</b>	<b>-3 560</b>	<b>-8 060</b>	<b>-8 560</b>

Nedanfor vil vi kommentere nokre av prioriteringane nærmare.

### Samferdsel

#### Kollektiv – auka ruteproduksjon

FrP aukar ruteproduksjonen på buss med 20 mill kr, tilsvarande ca 200 nye daglege avgangar. Dette finansierer vi primært med eit eige prosjekt for å få ned snikinga på kollektiv.

Kontrollaktiviteten må aukast i kombinasjon med offensive kampanjar for å få folk til å betala for busstilbodet dei nyttar. Kontollar har vist at snikprosenten i Bergensregionen kan liggja opp mot 10%. Vert denne redusert med 1/3 gjev dette ca 20 mill kr til auka ruteproduksjon.

#### Kollektiv – reklamefinansiering

FrP legg til grunn at HFK har inngått avtale med JCDecaux om avgrensa reklame på bussar og bybanen – fase 1. Denne gjev HFK ei forventa inntekt på ca 7 mill pr år. I fase 2 er det planlagt å leggja leskur, bysykklar og bymøblar ut på anbod. Verdien av fase 2 er rekna til 13-30 mill kr årleg. FrP legg til grunn at avgrensa reklame i kollektivsektoren gjev viktige inntekter til HFK, - noko som gjev oss i stand til å auka ruteproduksjonen og betra servicenivået i Bergensregionen.

### **Fylkesveg – auka reasfaltering**

FrP vil oppretthalda eit høgt vegvedlikehald på fylkesvegane våre, og set av 15 mill ekstra til reasfaltering årleg i planperioden.

### **Tilskot til hydrogenfyllfestasjon Danmarks plass**

FrP legg inn 5 mill kr i 2016 for å dekkja opp HFK s del av spleiselaget for etablering av hydrogenfyllfestasjon på Danmarks plass

### **Auka kapasitet snøggbåtruta Askøy-Bergen**

Kapasitetet på snøggbåtruta Askøy-Bergen er sprengt i rushtida. FrP vil be fylkesrådmannen gå i dialog med operatør om å setja inn ny båt/støtte kapasitet i ruta. P.t. legg vi inn kr 5 mill pr år til tiltaket.

### **Austevollsferga**

FrP legg til 2 mill kr til å dekkja opp for manglande finansiering frå næringslivet til B-ferga i 2016 og -17. I tillegg legg vi inn 2,5 mill kr begge år for å kunne setja inn erstatningsferje ved planlagde driftsopphald for B-ferga.

### **Opplæring og helse**

FrP legg til grunn at elevtalet og kostnadsnivået ved Hjeltnes Vidaregåande skule ikkje gjer grunnlag for vidare drift frå hausten 2016. Tilsvarande går vi inn for sal av Mange folkehøgskule. FrP legg inn 10 mill kr i buffer få å møta forventa auka kostnader med mottak av flyktningar i Hordaland i 2016. Ein må forvente auka kostnader både til tolketeneste, tannbehandling og vidaregåande skule, men det er ikkje lagt inn noko midlar til dette i fylkesrådmannens budsjettframlegg.

FrP legg inn kr 500 000 til eit 3-årig forsøk med eit Pøbelprosjekt i vidaregåande skule retta mot fråfall spesielt på yrkesfag. Evt. kan prosjektet initierast som eit samarbeid også mot Bergen kommune.

### **Kultur, idrett og regional utvikling**

FrP legg inn mindre postar til eit rekke tiltak under dette tenesteområdet. Viktigast er full kompensasjon for prisstigning til musea våre. Vi legg også inn midlar til t.d. Fyllingsdalen teater, oppstart Sunnhordland maritime industrimuseum og vidareføring av tilskot til Tour des Fjords.

## **INVESTERINGSBUDSJETT**

FrP gjer berre mindre endringar i investeringsbudsjettet for Økonomiplanperioden 2016-19;

	2017	2018	2019	2020
Rehab/ombygg/mindre tilbygg i skulesektoren	-20 000			
Investering utstyr Fagskoler	15 000			
Utbygging Askøy vidaregåande			10 000	20 000
Trygg skuleveg - fylkeveier, mindre investeringer	15 000			
Økt eiendomssalg	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
<b>Sum</b>	-	<b>-10 000</b>	-	<b>10 000</b>

Det vert sett av 15 mill kr i 2016 til satsing på Prosjekt «Trygg skuleveg» - mindre utbetringstiltak på fylkesvegnetter.

På skuleområdet trekk vi ned 20 mill kr på posten til mindre utbetringar/utbyggingar i vidaregåande skule, og overfører 15 mill kr til innkjøp av utstyr til Fagskulane.

Mot siste del av økonomiplanperioden legg FrP opp til at i planlegg utbygging ny vidaregåande skule på Askøy. Dette må sjåast nærmere på ved rullering av Skulebruksplanen for Hordaland. FrP meiner HFK framleis sit på eigedommar som kan seljast, og legg inn ei forventa salsinntekt på 10 mill kr pr år i økonomiplanperioden.

### **Masfjordbrua - pilotprosjekt**

FrP er positiv til eit forsøk med en konseptutlysing for Masfjordbrua, dvs. ei anbodsutlysing basert på ein rein funksjonsbeskrivelse. Prosjektet vil kunna verta realisert dersom fylkeskommunal

eigenandel ikkje vert for mykje utover ferjeavløysing og momskompensasjon i samband med prosjektet. FrP syner til tilsvarande verbalframlegg i budsjettet for 2015, og ber fylkesrådmannen leggja fram ei sak som drøftar dette innan utgangen av 1.kv. 2016.

### **VERBALFRAMLEGG**

FrP set fram to verbalforslag som ein ynskjer separat votering over ved handsaming av budsjettet i fylkestinget.

#### **A. Forsøksprosjekt med enklare utbygging av gang- og sykkelveg på fylkesvegar**

Samferdsleminister Ketil Solvik-Olsen har tatt initiativ til eit prøveprosjekt med forenkla utbygging av gang- og sykkelvegar på riksvegane. Så for meir info.

I tråd med tidlegare debattar i Hordaland fylkesting om vegnormalane og høge kostnader med utbygging av nye fylkesveganlegg finn vi det interessant å etablera eit tilsvarande prøveprosjekt for enklare utbygging av gang- og sykkelvegprosjekt langs fylkesveg i Hordaland. Evt. kan eit prøveprosjekt omfatta utvalde kommunar i fylket

#### **Framlegg til vedtak;**

Etter modell av samferdsledepartementets forsøk med enklare utbygging av gang- og sykkelvegar langs riksvegar etablerer Hordaland fylkeskommune eit forsøk med enklare utbygging av gang- og sykkelvegar langs fylkesvegar i Hordaland.

Fylkesrådmannen vert beden om å fremja sak til handsaming i Hordaland fylkesting 1. halvår 2016 med rammer for forsøket.

#### **B. Prosjekt redusert sniking i kollektivtransporten**

Kontrollar har vist at snikprosenten på kollektivtransporten i Bergensregionen kan liggja opp mot 10%. Vert denne redusert med 1/3 gjev dette ca 20 mill kr til auka ruteproduksjon. Høg snikprosent er med å undergrava betalingsviljen hos brukarane av kollektivtenestene, og tilbodet vert dårlegare en naudsynt med færre avgangar og høgare billettpisar. Kontrollaktiviteten bør derfor aukast i kombinasjon med offensive kampanjar for å få folk til å betala for busstilbodet dei nyttar. Prosjektet bør væra sjølvfinansierande, og over tid gje auka billettinntekter som kan bidra til å styrkja kollektivtilbodet i Hordaland.

#### **Framlegg til vedtak;**

Hordaland fylkesting ber fylkesrådmannen i samarbeid med Skyss om å etablera eit eige prosjekt for å redusera snikprosenten i kollektivtransporten i fylket. Forventa auka billettinntekter skal øyremerkast kollektivtilbod i Hordaland.

Fylkesrådmannen vert beden om å fremja sak til handsaming i Hordaland fylkesting 1. halvår 2016 med rammer for prosjektet."

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette på vegner av MDG og V fram slikt forslag:

#### **"Grønt skifte på Vestlandet**

Budsjettet til fylkeskommunen skal tydeleg prioritere og medverke til det grøne skifte regionalt. Som offentleg forvaltar skal me leggje til rette for: ei engasjert omstilling til eit berekraftig nullutslippsamfunn, eit engasjert og nyskapande næringsliv, engasjerte ungdommar i utdanning, og eit engasjerande og inkluderande kulturliv som sikrar kreativitet, nyskapning og deltaking.

Fylkesrådmannen sitt budsjettframlegg til 2016 syner måtehald og emne til prioritering. MDG og V vil rose fylkesrådmannen, dette er både naudsynt og beundringsverdig. Vi har ved gjentekne høve understreka vår uro over den alarmerande auka i Hordaland fylkeskommune si gjeldsgrad, og vi har peika på tiltak. På investeringsbudsjettet har vi lite slingringsmonn. Vi er, som fylkesrådmannen skriv, langt over det nivået Riksrevisjonen tilrår.

**Vi tilrår difor å holde disposisjonsfondet både på drift og investering på eit nivå som gjev fleksibilitet og førebur oss på framtida.**

Som del av ei større verd, må regionar og lokalsamfunn vere både handlekraftige og framsynte, budde på framtida. I dette ligg emne til omstilling gjennom å både vere fleksibel og utviklingsorientert. Samstundes som HFK skal levere på sine kjerneoppgåver, må og skal vi være eit spydspiss innanfor klima- og miljøpolitikk og bidra til dei store omstillingane på Vestlandet. For å kunne være ein grøn spydspiss under desse føresetnadene må vi kunne prioritere på ansvarleg, føreseieleg vis.

I forordet til Klimaplan for Hordaland 2014-2030 heiter at «*Klimaplanen skal legges til grunn for andre regionale planer i Hordaland*». I økonomiplanen for 2015-2018 skriv fylkesrådmannen: «*Klimaplanen vert sentral i økonomiplanperioden*». Vi meiner klimaplanen for Hordaland såleis skal ha status som overordna styringsdokument for all regional planlegging, for utvikling og for budsjettarbeidet. Dette betyr at all sakshandsaming og forvaltning skal ha klimamål som ein viktig del av grunnlaget. Intensjonen bak å ha eit klimabudsjett for alle tiltak er for å kunne måla om tiltaket faktisk førebur oss på framtida, eller om det snarare opprettheld dagens utslepp og utsleppsutvikling.

#### **Transport og kollektiv:**

For å nå våre eigne vedtekne klimamål om å senke utsleppa av klimagassar 20% innan 2020, og om at all persontransport skal være 20% elektrisk innan 2020, så er vi nøydde til å opprettholde incentiva til å køyre elektrisk, inkludert støtteordninga på ferje. El-biler i Hordaland har i 2015 nådd ein marknadsandel på 5 %. Ingen andre land i verda har oppnådd slik suksess på området som

Noreg. HFK må opprettholde og styrke vår storstilte satsing på støtteordningar til etablering av normalladepunkt, samt sikre den vedtekne satsinga på hurtigladning i alle kommunesentra og regionsentra. Vi legg også inn midlar til kjøp av 11 fylkeskommunale elbilar, jamfør pk. 5.10 i Klimahandlingsplanen for 2016. Vi vil arbeide for at Bygarasjen skal ha gratis parkering for el-biler gjennom hele perioden, og den skal tilbys støtte til etablering av 100 ordinære ladepunkt gjennom klimaplanens handlingsprogram.

Som fylkeskommune har vi eit særskilt ansvar ovenfor transportsektoren, som er eit av dei største utsleppskjeldene i fylket. For å lukkast, trengs omstilling til fornybare energikjelder og nyskapande teknologi, men samstundes ei djuptgåande endring av reisevaner og transportbehov, både til lands og til sjøs. Vi ynskjer at ein revidert samferdselsstrategi vert utarbeidd, med konkrete tidsplanar for å omstilla til eit kollektiv- og transportsystem med nullutslepp i Bergensregionen og resten av fylket. Eit slikt system vil inkludera trolleybusser, batteribusser, hydrogenbusser, og hybrider av desse, i tillegg til bybane, ferje, hurtigbåt m.m. Ny trafikk må koma i form av kollektivtransport, eller i form av gange og sykkel. I fyrste omgang ynskjer me følgjande tiltak:

- Aktiv satsing på innfartsparkering, auka ruteproduksjon også i distrikta.
- Einskapsstakst på togstrekninga Arna-Bergen. Me understrekar at dette burde vera eit statleg tiltak, og ikkje eit fylkeskommunalt ansvar, og meiner også at den føreslegne fylkeskommunale innsatsen bør evaluerast etter eit år, for å kartleggja om det har den ynskte effekten på passasjertalet. Evalueringen må sjåast i samanheng med forventa auke i passasjertal grunna innføring av tidsdifferensierte bompengar.
- Prioriterde kollektivfelt på alle innfartsårer inn til sentrum.
- I høve rullering av kollektivplan for Sunnhordland vert det sett av midlar til styrking av ruteproduksjon, både til Sunnhordland og til distrikta elles.
- Venstre/MDG ber administrasjonen om å nytte videokonferanse-teknologi til intern møteverksemrd. Ved revidering av budsjett ynskjer vi status på hyppigheten av slik bruk.
- Satsing på hydrogen som eit supplement til elektrifisering av bilparken, for å sikre bygging av hydrogenfyllfestasjon på Danmarks plass er det sett av 4 mill. i driftsbudsjettet. Desse må kunne overførast til 2017 om finansiering med Enova ikkje løyser seg i 2016.
- Kjøp av 11 fylkeskommunale el-bilar
- Bygge ut trolleybussnettverket
- Fergeanbuda i 2020 lysast ut med krav om nullutslippsteknologi. Prosjektering og planlegging for dette må startast no.
- Satsing på landstraum til skip i Bergen hamn bør vere eit kontinuerleg satsingsområde framover i inneværende periode, særleg med tanke på luftforureinings problematikken i Bergen, der skip ved hamn kan utgjere betydelege bidrag til å minske denne.

### **Regional utvikling:**

MDG og Venstre understreker og vil forsterke tydinga av eit omstillingsdyktig regionalt nivå som alliansebyggjar og regional pådrivar for å fremma berekraftig nærings- og samfunnsutvikling både i bergensområdet og i distrikta. Her vil vi prioritere støtte knytt til tiltak som er miljømessig berekraftige, eit rent omstillingskrav er ikkje nok. På sikt ønsker vi at alle tilskot og støtte til næring skal ha eit klårt fokus på grøn omstilling.

For å understreke dette aukar vi i vårt budsjettframlegg avsetjinga av midlar til klimaplanen, direkte knytt til gjennomføringa av fylkets handlingsprogram. Vestlandet står i ein nøkkelposisjon for å kunne verta eit pilotprosjekt for eit nytt regionalt nivå, med regionalutvikling, klima og miljø som hovedfokus.

I tråd med tildelinga av 20 mill frå statleg hald, meiner vi Hordaland er skikka til å tenkje nytt i omstillinga av regioner. MDG og Venstre ynskjer at HFKs regionale næringsstrategi og HNH skal føresetje og prioritere klimarettta næringsutvikling og omstillingsemne, med særleg vekt på ny teknologi knytt til fornybar energi, miljøinnovasjon innan oppdrettsnæring og maritim sektor, nye produksjonsmetodar, og fokus på foredling, distribusjon og sal av lokalmat og lokale produkt. Vi vil

arbeide for å få nye NCE (Norwegian Center of Expertise) til Hordaland. Dette skal være ei prioritert satsing, og vrir fokuset vekk frå olje- og gassrelaterte klynger.

### **Utdanning:**

Framtida ligg hjå ungdomen, som Hordaland skal ivareta, utdanne og inspirere. For å auka verdiskapinga og samstundes løysa klimautfordringa må vi engasjere til nyskaping, entreprenørskap og arbeide aktivt for å motverke fråfallsproblematikken. Venstre og MDG legger inn midlar til fleire lærlingar i HFK.

For å møte ein aukande etterspurnad på yrkesfaglege kompetanse i samfunnet, har vi eit felles mål på tvers av alle politiske parti å bidra til auka status og verdssetjing av yrkesfaglege linjer og hindre dei store fråfalltala. Pilotprosjektet til HFK, Hyssingen produksjonsskule, er eit døme på Hordaland som eit nytenkande og satsingsvillig fylke, som på sikt forhåpentlegvis kan tene til nasjonal inspirasjon. Her ligg vi i Norge etter internasjonalt.

Nye utdanningsløp og programfag bør vekse frem parallelt med næringas behov. Dette gjeld til dømes maritime og marine fag, nye subseafag, akvakultur og mat- og produksjonsfag og akvakultur.

**Det er viktig å utvikle sosialpedagogisk kompetanse i skulane saman med kommunane - og det er statlige midlar tilgjengeleg på området.**

### **Kultur:**

Som bakteppe til all menneskeleg aktivitet ligg kultur, og for fylket er det viktig å satse på kultur, idrett og friluftsliv. Fellesskap, dugnadslyst og engasjement er vesentleg både for inkludering, integrering og førebyggande arbeid. Kultur bidrar til identitetsbygging, kunnskap, historiebevissthet, danning og erkjenning i samfunnet.

Kulturpolitikken må, gjennom Premiss Kultur, aktivt og bevisst tilrettelegge for dette. Kulturformidling til barn og unge skal være et prioritert satsningsområde, og her er den kulturelle skulesekken et viktig virkemiddel. Vestlandet må styrkes som en kulturregion og bidra til en bedre regional fordeling av de statlige kulturmidlene. Hordaland skal styrkes som et nasjonalt og internasjonalt kulturelt tyngdepunkt.

Viktige punkt er :

- Styrke handlingsplanen for museum og arbeide for eit Museumsloft.
- Sikre fortsatt drift av Bokbåten Epos, som er eit kulturelt flaggskip og ein synlig del av ein vestlandsk kulturregion og eit distriktsbibliotek.
- Styrke satsinga på kystkultur, herunder sikre Stiftelsen Kystsogevekene.
- Styrke Hordaland Teater som nynorskarena og som pådriver for å fremme ny dramatikk på nynorsk.
- Vidareutvikle Bergen som nasjonal og internasjonal kulturbyp. Ein viktig del av dette arbeidet er å sikre at BIT Teatergarasjen og Carte Blanche, to av landets viktigaste kulturtildel på sine felt, forblir i Bergen og Hordaland.
- Sikre vidare drift av KulturVest, som viktig virkemiddel for en rekke profesjonelle kulturinstitusjonar.
- Satse på bibliotek som eit kulturtildel med breitt nedslagsfelt og som møtestader for menneske med ulik kulturell og sosial bakgrunn.
- Auke støtta til fylkets to friluftsråd og vidareutvikle det gode samarbeidet mellom råda og fylkeskommunen.
- Vere ein viktig bidragsytar til 1000-årsjubileet for Kristenretten i 2024, gjennom støtte til nytt sogespel med premiere 2016.
- Støtte opp om det viktige arbeidet utført av mange frivillige i gruvene på Litlabø, eit arbeid som er med på å sikre ivaretaking av viktig industrihistorie.
- Tilrettelegge for meir fysisk aktivitet i den vidaregåande skule.

- I satsinga på Dialogsenteret i Bergen understreker vi behovet for meir open dialog og forståing mellom menneske og religionar i Bergen. Innvandring av menneske frå heile verda gjer vår del av vestlandet global. Ufordringane i Europa er våre. Og vi skal løysa dei med openheit og dialog.

#### **Administrasjon:**

- Vi ber rådmannen utgreie innsparingar på utgifter knytt til konferanse og intern reiseverksemd.
- Venstre/MDG ber om at det for alle investeringar innan nye system eller anlegg skal synast kva effekt det har på drifta.

Fylkestinget er øvste organ i Hordaland Fylkeskommune. Vi skal bidra til lågare klimagassutslepp, betre føresetnader for å ta vare på det biologiske mangfaldet i heile fylket, og betre livsvilkår for den oppveksande generasjonen.

Budsjettframlegget til Venstre/MDG tar utgangspunkt i fylkesrådmannens framlegg, men med følgjande tillegg og endringar:

#### **Beløp**

#### **UTGIFT**

##### **Samferdsel og miljø**

Auka midler til klimaplan	3
El-bil fordel på ferje	1
Takstfrys månedskort	12
Forum Nye Bergen	0,2
Auke ruteproduksjon i distriktene	1,45
Enhetstakst Arna-Bergen	12
Begrense auke i billettpris	14
<b>Sum</b>	<b>48</b>

##### **Kultur**

Hordaland Teater	0,2
Cornerteateret	0,26
Dialogsenteret	0,5
Friluftsrådet Vest	0,05
BOF	0,1
Kystpilgrimsleia	0,2
Bokbåten	0,7
Litteraturhuset	0,1
Espeland Fangeleir	0,25
Edvard Grieg kor	0,2
Bømlo teater - ein ny dag 1000 års jubileum 2024	0,2
Kultur Vest	0,3
Gruvene på Litlabø	0,1

Vidareføring av gratis leige av HFK bygg	0,2
Bergen nasjonale opera	0,35
Prosjektmidler Folkemusikk	0,2
Kystsogevekene	0,3
Raftostiftelsen	0,2
Handlingsprogram Museum	1
<b>SUM</b>	<b>5</b>

**Opplæring**

Tiltak fleire lærlinger	1
Elev og lærlingeombud	0,65
Tiltak auka gjennomføring yrkesfag	3
Samarbeid- næring/skule	0,29
<b>Sum</b>	<b>4,94</b>

**INNTEKTER**

Reg.avd.	4
BRB	3
Disp.fond	4
Omorganisering samferdsel	2
(Driftsfinansierede inv.)	20
Innsparing møtevirksomhet	1
Arealøkonomisering	5
(Udisp.midler)	19
<b>Sum</b>	<b>54</b>
<b>Balanse</b>	<b>0</b>

**INNTEKTER INVESTERING**

Dispositionsfondet	2,5
<b>Sum</b>	

**UTGIFTER INVESTERING**

Kjøp av fylkeskommunale EL bilar jf. pk. 5.10 i handlingsprogrammet 2016	2,5
<b>Sum</b>	<b>2,5"</b>

**Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag:**

"Endrings- og tilleggsframlegg til fylkesutvalet si innstilling

Verbaldel:

1. Fylkestinget vil halde fast på og utvikle dagens fylkeskommune ( alternativ til avsnitt 2 «Vi vil erstatta dagens fylkeskommune med regionar, med vestlandsfylka som pilotregion»).
2. Ved fylkeskommunale oppdrag / anbod skal hovedregelen vere at det stillast krav om både å vere godkjend lærebedrift og ha lærling(ar).
3. Hordaland fylkeskommune har som mål at flest mogleg tilsette skal vere fast tilsette, og vil difor praktisere den tidlegare Arbeidsmiljølova paragraf 14-9.
4. Hordaland fylkesting ser ingen gevinst verken økonomisk eller for lærarar og elevar ved administrativ samanslåing av skular (t.d. i Norheimsund og Øystese eller i Arna).

Taldel budsjett:

1. Ingen takstauke innan kollektivtrafikken (frys-vedtak 2016) istadenfor prisvekst 2,5 %.  
Finansiering: Auka billettinntekter som fylgje av enno fleire reisande.
2. Styrking av utdanningskapitlet til m.a. kompetanseheving og tiltak mot fråfall i skulen.  
Finansiering: Auka statlege overføringer pr. elev ved mindre fråfall.
3. Auka støtte til FFO kr. 165.000  
Finansiering: Rammereduksjon kr. 165.000 politisk kapittel."

**Terje Kollbotn (R)** sette fram slik protokollmerknad:

"Ved framtidige budsjettmøter i fylkestinget bør alle forslag leggje fylkesutvalet si innstilling til grunn. Det er denne innstillinga som har vore ute på høyring før dagens budsjettmøte, i samsvar med kommunelova."

**Terje Kollbotn (R)** trekte punkt 3 i "verbaldel".

### Røysting

Kollbotn sitt endra budsjettforslag fekk 1 røyst (R) og fall.

Tomren sitt forslag fekk 6 røyster (MDG, V) og fall.

Søviknes sitt forslag fekk 7 røyster /Frp) og fall.

Nilsen sitt forslag fekk 12 røyster (H) og fall.

Kårbø sitt forslag (a) vart vedteke mot 25 røyster (H, Frp, MDG, V).

Kårbø sitt forslag (b) vart vedteke mot 3 røyster (MDG).

Søviknes sitt verbalforslag A. vart vedteke mot 4 røyster (V, R).

Søviknes sitt verbalforslag B. vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

#### 1. Budsjett for Hordaland fylkeskommune 2016

Fylkestinget vedtek fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett med slike endringar:

Klimautfordringa er global, men mange av løysingane finst her lokalt. Vi har eit sjølvstendig ansvar for at Hordaland blir meir miljøvenleg. Ap, KrF, Sp og SV vil difor innan kollektivfeltet sikra eit meir tenleg tilbod

slik at fleire vel å reisa kollektivt og let bilen stå. Vi stoppar veksten i prisane ut over prisveksten i samfunnet, sikrar einingstakst for dei reisande frå Arna til Bergen sentrum og set av midlar til endå fleire buss- og baneavgangar i Bergen. Vidare startar vi arbeidet med ein overordna strategi for kollektivtrafikk på sjøen, og vi slår fast at rutene må tilpassast ei ny kvardag etter kvart som nye vegar opnar.

Vi vil ta i bruk fylkeskommunen som ein positiv samarbeidsarena for kommunane, for nabofylka våre og for næringslivet. Vi vil leggja ned dagens fylkeskommune og erstatta den med regionar, med vestlandsfylka som pilotregion. Vi treng sterke kommunar som spelar på lag med næringslivet og utdanningsinstitusjonane på heile Vestlandet.

Idrett og kultur er limet i samfunnet vårt, uavhengig av kvar du bur i fylket vårt. Ap, KrF, Sp og SV har alltid framheva dugnadsarbeid i lag og organisasjonar som ein avgjerande bærebjelke i samfunnet vårt. Ulike arenaer for aktivitet er like viktig både sentralt og lokalt.

Fråfall i den vidaregåande skulen er ei omfattande samfunnsutfordring. Ap, KrF, Sp og SV vil vidareutvikla den vidaregåande skulen med utgangspunkt i nærliek, kvalitet i undervisninga og bærekraft. Skuletilbodet til ungdommen skal byggja på forutsigbarheit. Likeeins er det viktig å ha omsorg for elevane sine rettigheter og trøng for helsetenester. Ap, KrF, Sp og SV vil innføra eit tilbod om skulepsykologar og setja av midlar til elev- og lærlingombod.

### **Miljø og samferdsel**

Partia vil syta for at heile Hordaland skal vera eit attraktivt fylke med framtidsretta transportløysingar både for folk og næringsliv. Vi skal ha eit kollektivtilbod som er eit reelt alternativ til bilen og eit vegnett som legg til rette for auka verdiskaping.

Kollektivreiser må vera ein viktig berebjelke i transportløysingane i heile Hordaland. Folk må kunna reisa kollektivt til og frå jobb, barnehage og skule. I tettbygde område og spesielt Bergen må vi betra luftkvalitet og redusera køar med å få mange fleire til å reisa kollektivt. Då må vi ha eit kollektivtilbod som er brukarvennleg, bra på kvalitet og rimelig i pris.

### **Einingstakst NSB Arna-Bergen sentrum**

For å sikra at folk som reiser mellom Arna og Bergen sentrum får like rimeleg kollektivtrafikk som bergensarar for øvrig, dekkjer vi inn heile kostnaden med einingstakst på tog mellom Arna og Bergen sentrum. Etter gjennomgang i 2014 var dette tiltaket kostnadsrekna til 6 millionar. Etter ny gjennomgang er tiltaket kostnadsrekna til 10 millionar. Fylkesrådmannen skal ta opp att samtalane med NSB for å prøve å koma til einigkeit om ei fordeling av kostnadene knytt til einingstaksten.

### **Samordning**

Det er ei målsetjing å få mest mogeleg aktivitet/tenesteyting ut av kvar fylkeskommunal krone. Dette krev kontinuerleg evne til endring. Samferdselsfeltet i HFK er i dag fragmentert, og delt opp i mange ulike einingar, som krev mykje koordinering på tvers. Det er hensiktsmessig med ein grundig gjennomgang av heile samferdselsfeltet administrativt, og ber fylkesrådmannen leggja fram ei utgreiing som drøftar ulike måtar å organisera feltet på. Målsetjinga må vera å få meir effektiv ressursutnytting, og dermed meir ressursar til tenesteytinga.

### **Ferjer**

Snittalderen på ferjene i Hordaland er over 25 år, og fleire nærmar seg 40 år. Det er heller ikkje alle som stettar krava om universell utforming. Det er naudsynt å stilla tydelegare miljøkrav for å få til ei fornying/modernisering av flåten i neste anbodsperiode. Ein bør mellom anna legge opp til at det kan nyttast hybride løysingar der til dømes batteri og hydrogengass vert ein del av teknologien for å få ned utsleppa.

Ved anbodsinnhenting skal det stillast krav om at også fylkesvegferjesamband skal ha lærlingeplassar.

### **Fyllestasjon for hydrogen og hydrogenbilar**

Hydrogen er ein energiberar som kan produserast frå fornybar energi og nyttast til drivstoff eller som innsatsfaktor i industrien utan utslepp. Utvikling av ei næringskjede for hydrogen i fylket vil vere ein mogleg strategi for å redusera utslepp innan transport. Fylkestinget løyver 4 millionar til etablering av ein fyllestasjon for hydrogen på Danmarks plass. Av dei to millionane som er sett av til innkjøp av el-bilar til fylkeskommunen skal det kjøpast inn to hydrogenbilar.

### **Omdisponering innanfor Bergensprogrammet**

Fylkeskommunen skal gå i dialog med Bergen kommune og Statens Vegvesen og sjå på moglegheitene for omprioriteringar i Bergensprogrammet frå investering til styrking av kollektivtrafikken. Omdisponeringane skal sjåast i eit kort perspektiv, dei skal øyremerkast kollektivtrafikk i Bergensområdet og skal virka fram til neste byggetrinn av Bybanen er i gang.

### **Busslinje Varden**

Fylkestinget ber Skyss gå i dialog med innbyggjarane på Varden som har engasjert seg for å få tilbake busslinja, for å finna ei minneleg løysing på dei utfordringane som har oppstått ved omlegging av rutestrukturen.

### **Kollektivtrafikk på sjø**

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å laga forslag til ein ny overordna strategi for kollektivtrafikk på sjøen. Fylkestinget ber fylkesrådmannen få vurdert ekstra kapasitet på snøggbåtruta mellom Bergen og Askøy.

### **Snøggbåttilbodet til Ølen**

Fylkestinget bed om at nedlegging av snøggbåttilbodet til Ølen vert utsett til 1. mars slik at avklaring av rammer for mogeleg vidare drift vert klare, i samråd med Rogaland fylkeskommune. Fylkestinget ber om sak til fylkesutvalet om eventuell vidareføring av tilboden.

### **Konsekvensar av endra infrastruktur**

Ved endring av infrastruktur, som opning av nye vegar som gir kortare køyretid, må Skyss endra rutene fortløpande for å gje dei reisande ein mest mogleg effektiv rutestruktur.

### **Kollektivknutepunkt**

Det er viktig å tilrettelegga for effektive kollektivknutepunkt. Med nye samferdselløysingar er Jondal eit slikt knutepunkt. Fylkestinget føreset at det vert avsett naudsynte midlar til å ferdigstilla arealet på kaien med servicebygg.

### **Bysyklar**

Fylkestinget ber fylkesrådmannen gå i dialog med Bergen kommune med sikte på å etablere eit samarbeid om etablering av bysyklar i Bergen. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei sak der ulike modellar for eit slikt samarbeid vert drøfta.

### **Masfjordbrua**

Fylkestinget er positivt til eit forsøk med en konseptutlysing for Masfjordbrua, dvs. ei anbodsutlysing basert på ei rein funksjonsbeskriving. Prosjektet vil kunne verta realisert dersom fylkeskommunal eigenandel ikkje vert for mykje utover ferjeavløysing og momskompensasjon i samband med prosjektet. Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggja fram ei sak som drøftar dette snarast (1. kv. 2016).

### **Klimaplan**

Klimaplanarbeidet vert styrkt med 2 millionar.

### **Midlar til punktutbetring/Trygge skulevegar**

Fylkestinget set av 31,3 millionar til punktutbetringar på fylkesvegnettet.

Fylkesrådmannen skal til fylkestingsmøtet i mars fremje ei sak med aktuelle vegstrekningar prioritert regionvis, med muligkeit for rask realisering. Trafikksikring av skulevegar skal ha høg prioritet.

## **Opplæring og helse**

Den vidaregåande skulen er, i tillegg til å gi ungdom avgjerande grunntaksmatematikk før studiar og arbeidsliv ventar, det viktigaste verktøyet vi har for å utjamna sosiale forskjellar i samfunnet. Ved å gje alle elevar lik rett og lik mogelegheit til å få seg ei utdanning, skapar vi eit samfunn der sosioøkonomisk status ikkje er avgjerande for folk si mogelegheit til å skapa seg det livet dei sjølv ønskjer. I Hordaland har vi ein gjennomføringsgrad i den vidaregåande skulen på rundt 70 %. Fylkeskommunen har eit mål om å auka denne til 80 %, og dette skal også reflekterast i årsbudsjettet.

I Hordaland har vi dyktige lærarar og skuleleiarar som kvar einaste dag gjer ein stor innsats for å gje elevane våre den utdanninga dei har krav på. Dei strukturelle utfordringane vi har, reduserer skulane sin mogelegheit til å gje eit best mogeleg tilbod til elevane. Karakterstyrt inntak og stykkprisfinansiering hemmar kvaliteten i utdanningstilbodet vårt.

## **Ny budsjettmodell og bærekraftig finansiering**

Fylkestinget vedtek at fylkesrådmannen skal fremja ei sak der ulike budsjettmodellar for skulane vert drøfta. Vi ber fylkesrådmannen fremja forslag som viser ein meir tenleg finansieringsmodell som ikkje byggjer på stykkprisfinansiering, men som har til føremål å sikre fornuftig og bærekraftig finansiering av skulane. Det er ein føresetnad at skulane sjølv får koma med innspel.

## **Eit betre inntakssystem i Hordaland**

Fylkestinget ber rådmannen gjennomgå gjeldande inntakssystem og vurdera alternativ til det reine karakterstyrt inntaket vi har i dag. Saka skal syna korleis gjeldande inntakssystem påverkar fråfall og motivasjon, reise- og sokemønster, samansettinga av elevar ved dei enkelte skulane og i kva grad eit nytt inntakssystem i kombinasjon med ny budsjettmodell kan bidra til ein meir berekraftig skulestruktur i Hordaland.

Fylkestinget ønskjer å skapa eit større mangfold i elevmassen ved dei enkelte skulane. I tillegg skal ein sikra alle elevane ein skuleplass innan ønskt studieretning, i nærleiken av heimstaden. Fylkestinget ber også fylkesrådmannen vurdera korleis ein kan bruka inntakssystemet til å motverka store variasjonar i status for skulane.

Det er ei målsetting at endå fleire enn i dag får oppfylt sitt førsteval av skule.

Saka skal handsamast hausten 2016, og evt. nytt inntakssystem skal gjelda frå skuleåret 2017/2018. Prinsippet om nærskule skal også utgreiaast.

## **Elev- og lærlingombod**

Elevar i den vidaregåande skulen er ei av gruppene i samfunnet vårt med dårlegast rettssikkerheit. Elevane har ei rekke rettigheter og plikter, men har ikkje eit uavhengig organ som sikrar at desse vert oppfylte. Difor skal det, i tillegg til eit mobbeombod, tilsetjast eit uavhengig elev- og lærlingombod. I samanheng med tilsetjinga av eit slikt uavhengig ombod skal elevinspektørane si rolle på skulane reviderast slik at det vert ei fornuftig deling mellom ombodet og elevinspektørane sitt ansvarsområde.

## **Psykisk helse**

20 % av born mellom 3 og 18 år har nedsett funksjonsevne på grunn av psykiske lidningar. Halvparten av desse har så alvorlege symptom at det tilfredsstiller krava til ein psykiatrisk diagnose. Meir enn ein av tre sekstenåringar har hatt så mange symptom at dei oppfyller krava til ein psykiatrisk diagnose og 15 til 20 % av alle norske ungdommar har symptom på depresjon. Skulehelsetenesta er eit kommunalt ansvar, men vi budsjetterer med fylkeskommunale midlar for å tilsetja skulepsykologar i dei vidaregåande skulane i Hordaland. Fylkesrådmannen skal så snart som mogleg fremja ei sak for fylkestinget der det vert skissert korleis fylkeskommunen kan samarbeida med kommunane for å få tilsett psykologar ute på skulane.

## **Alternative vegar til fagbrev**

Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomgå dei ulike løpa innan fagopplæringa for å koma tilbake til fylkestinget med ei sak om korleis vi kan gjere dei løpa med høgast gjennomføringsprosent meir kjent blant søkarane.

### **Tiltak for auka gjennomføring på yrkesfag**

I Hordaland er det berre om lag ein tredjedel av elevene som byrjar på yrkesfag som fullfører med fagbrev. Nokon av desse fullfører med studiekompetanse, men ein stor del fell frå utan fagbrev og utan studiekompetanse. Fylkestinget set av 4,5 millionar i ein søkbar pott til skular med låg gjennomføringsgrad på yrkesfag. Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggja frem ein heilheitleg sak som synleggjer naudsynte tiltak og kriterium for tildeling av midlar.

### **Kultur, idrett og regional utvikling**

Kultur og idrett er eit område der små økonomiske midlar gjev store resultat. Det blir utført imponerande mange årsverk i frivillig arbeid over heile Hordaland på dette feltet, noko som gjer oss til eit særdeles aktivt kultur- og idrettsfylke. Fylkestinget vil prioritera auke i tilskot til aktivitetsbaserte tiltak slik at den frivillige innsatsen blir ytterlegare stimulert.

### **Campus Bergen**

Fleirtalspartia ønskjer å etablera eit «campus Bergen» etter modell frå Sogndal for å få eit kompetansesenter der ein samlar idretten, høgskulen, næringsliv, olympiatoppen, Universitet i Bergen og den vidaregåande skulen. Fylkesrådmannen skal setja i gong planlegging og kome tilbake til fylkestinget med ei sak om korleis dette kan organiserast.

### **Liv og lyst**

Fylkestinget legg inn att midlar til lokalsamfunnsutviklingstiltaket "Liv og lyst", og ber fylkesrådmannen gå i dialog med Innovasjon Norge og Fylkesmannen for å gjenoppta samarbeidet om dette.

### **Generelt**

#### **Arealøkonomisering**

Fylkestinget ber fylkesrådmannen setja i gang eit arbeid med arealøkonomisering av fylkesbygget og disponerte bygg i nærlieken. Gjennomgangen skal syna dagens husleigekostnad pr. avdeling og faktisk framtidig arealbehov for det enkelte tenesteområdet i fylkeskommunen.

#### **Hotell**

Fylkestinget vedtek at Hordaland fylkeskommune berre skal bruke hotell der dei tilsette har tariffavtale.

#### **Innsparing regional**

Fylkestinget ønskjer ein gjennomgang og prioritering av oppgåvene innan regionalavdelinga, med mål om å spare inn 6 millionar kr i driftsutgifter. Fylkestinget ber rådmannen saman med regionalavdelinga vurdera aktuelle tiltak.

#### **Seriøsitetskrav i bygg- og anleggskontraktar**

For å motverka utfordingane med arbeidslivskriminalitet i bygg- og anleggsnæringa vil fylkestinget innføra seriøsitetskrav ved eigne bygg- og anleggskontraktar.

Ber rådmannen leggja fram sak korleis dette kan følgjast opp.

#### **Endringar til rådmannen sitt budsjettframlegg for 2016:**

<b>INNTEKTER DRIFT</b>	<b>MILL.</b>
------------------------	--------------

Driftsfinansiert investering	10
Udisponerte midlar	19
Belønningsmidlar kollektiv	23
Auka billettinntekter som følge av fleire kollektivreisande	8,07
Regionalavdeling. Nedtrekk	6
Midlar frå disposisjonsfond til drift	5,5
Arealøkonomisering	5
Omorganisering samferdsel	2

**TOTALE INNTEKTER DRIFT** **78,57**

<b>INNTEKTER INVESTERING</b>	<b>MILL.</b>
Midlar frå disposisjonsfond til investering	28,5
Selje leilighet i Daniel Hansens gate 9 (eingangsmidlar)	3
<b>TOTALE INNTEKTER INVESTERING</b>	<b>31,5</b>

<b>UTGIFTER DRIFT</b>	<b>MILL.</b>
<b>Miljø og samferdsel</b>	
Prisvekst. 2,5 vekst og ikkje 4,5 prosent	20
Einheitstakst Bergen-Arna	10
Auka ruteproduksjon i Bergen	17
Fyllestasjon for hydrogen	4
Klimaplanen	2
Ferje Kinsarvik-Utne	1,7
Opplæring i trafikktryggleik i vgs	0,2
<b>Opplæring og helse</b>	
Reversere nedtrekk i læremidlar	5
Skulepsykologar. Forsøksprosjekt.	5
Tiltak for auka gjennomføring på yrkesfag	4,5
Ernæring i skulen. Frukost til elevar. Prioritere skular med fråfall.	1
Endringar skule-pc-ordning	1
Elev- og lærlingombod	0,65
Raftostiftelsen	0,2
FFO	0,15
Kirkens SOS	0,15
Actis	0,1
SAFO	0,05
Dysleksiforeningen i Bergen og omland	0,01
<b>Kultur, idrett og regional utvikling</b>	
Lysetting smelteverkstomten i Odda	1

Liv og lyst	0,8
Bokbåten Epos	0,7
Moster Amfi	0,5
Prosjektmidlar folkemusikk	0,4
Fargespill	0,35
Espeland Fangeleir	0,3
Cornerteateret	0,26
Edvard Grieg Kor	0,2
40 prosent stilling til dopingforebyggende tiltak	0,2
Kultur Vest	0,2
Kystpilgrimsleia	0,2
Kystsogevlekene	0,2
Psykiatri, rus. Idrett	0,15
Litteraturhuset	0,1
Samhandlingsarena/konferanse Campus Bergen	0,1
Hardanger Musikkfest	0,1
Planmidlar kulturhus Nordhordland	0,1
<b>TOTALE UTGIFTER DRIFT</b>	<b>78,57</b>
<b>UTGIFTER INVESTERING</b>	<b>MILL.</b>
Punktutbetring/trygge skulevegar	31,3
Flygel Kabuso	0,2
<b>TOTALE UTGIFTER INVESTERING</b>	<b>31,5"</b>

2. Tillegg på retningsliner for bruk av partistøttemidlar. Tillegg kulepunkt:

.... eller fylkespartiet

3. Etter modell av samferdsledepartementets forsøk med enklare utbygging av gang- og sykkelvegar langs riksvegar etablerer Hordaland fylkeskommune eit forsøk med enklare utbygging av gang- og sykkelvegar langs fylkesvegar i Hordaland.

Fylkesrådmannen vert beden om å fremja sak til handsaming i Hordaland fylkesting 1. halvår 2016 med rammer for forsøket.

4. Hordaland fylkesting ber fylkesrådmannen i samarbeid med Skyss om å etablera eit eige prosjekt for å redusera snikprosenten i kollektivtransporten i fylket. Forventa auka billettinntekter skal øyremerkast kollektivtilbod i Hordaland.

Fylkesrådmannen vert beden om å fremja sak til handsaming i Hordaland fylkesting 1. halvår 2016 med rammer for prosjektet.

#### Protokollmerknad frå R

Ved framtidige budsjettmøter i fylkestinget bør alle forslag leggje fylkesutvalet si innstilling til grunn. Det er denne innstillinga som har vore ute på høyring før dagens budsjettmøte, i samsvar med kommunelova.